



Inger Moberg vart takka for innsatsen som skrivar av leiar Selma Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Helselag, som no har 110 registrerte medlemmer, gjer framleis ein imponerende innsats.

I fjor gav dei 43.496 kroner i pengeg aver og i tillegg kom demenaksjonen der dei samla inn 18.372 kroner.

Under  rsm tet p  AFA i kveld vart Audhild Lie vald til ny skrivar etter Inger Moberg som har hatt vervet i 8  r.

Ho vart varmt takka av leiar Selma Eik for stor innsats og sa i takketalen sin at det har vore sv ert kjekt   ha vervet.

- Det har vore stor takh gde og vi har alltid vorte samde, sa ho og lova   halda fram med   jobba for laget. Dei andre i styret er Hilda Guddal, Berit H. Myklebust og Margit Eik.

Den tradisjonelle basaren i Helgheim gav eit sv ert fint resultat ogs  i fjor: 38.576 kroner. Skulen selde i fjor 500 hjartelodd for laget.

I regi av Nasjonalforeningen har 4.-7.trinn ved skulane i Uskedalen og Her ysund delteke i hoppetautevling og den beste klassen ved kvar skule fekk 1.000 kroner av laget. Fleire gonger i  ret deltek medlemmer i laget i "Syng med oss" p  Rosendalstunet.

Medlemmer av laget er og med og driv Cafe TI-aren.

Helselaget fekk tildelt 19.400 kroner av Midttunfondet som var  yremerkte trimutstyr til turngruppa. No er laget registrert i Br nn ysundregisteret og grasrotandelen tilf rte laget 2.612 kroner ved  rsskiftet.

Som før pakkar laget julegåver til alle pasientane på Valen og medlemmene har strikkka 28 par babysokkar til føden på Stord, for berre å nemna nokre av arbeidsoppgåvene.

Dette var pengegåvene i fjor:

- Hjarteforskning 10.000
- Kreftforskning 5.000
- Tuberkulose 5.000
- Ekstra til tuberkulosesaka 1.250
- Uskedal/Rosendal skulemusikk 3.000
- Myro urinkontrollapparat 5.000
- Hoppetautevling 2.000
- Trimutstyr Husnes helsestasjon 10-000
- Trimutstyr Uskedal idrettslag, restbeløp 2.246

Under årsmøtet i kveld skjedde den første tildelinga for dette året. Som i fjor fekk hjarteforskning 10.000, kreftforskning 5.000 og tuberkulose 5.000.

Til vassautomatar ved ungdomsskulane i kommunen vart det gjeve 7.000 kroner og kvar av dei 2 barnehagane i bygda får 2.000 kroner til leiker.

Av Ola Matti Mathisen



Etter årsmøtet består styret av Selma Eik, Audhild Lie (sit foran), Margit Eik, Berit H. Myklebust og Hilda Guddal (står bak). (Foto: Ola Matti Mathisen)